

Eitt kvart mål med vårblomar!

28.03.2009



Våren er her! Den som måtte vera i tvil om det, bør no om dagen ta seg ein tur til Haugland og beundra vårblomane til Arne Terje, Mari, Håvard og Anne Kjersti. I dei to hagane deira med tilstøytande areal har dei rundt rrekna 250 kvadratmeter med vårblomar! Maken finst nok ikkje i Uskedalen



- Vi har 10 slags laukblomar, fortel Arne Terje Haugland medan han stullar og stellar med den utruleg vakre vegskråninga som snart er dekt med krokus og snøkløkker. Skråninga er så vakker at ho nesten er ein fære for trafikken.





Snøkløkker på Haugland. (Foto: Arne Terje Haugland)





Snøkløkker på Haugland. (Foto: Arne Terje Haugland)

No står påskeliljene for tur og etter påske kjem kvitveisen. Vårbløminga på Haugland varar frå slutten av januar til slutten av april og let seg tydelegvis ikkje forstyrre av eventuelle vinterlege tilbakefall.

- Det var Mari som starta med dette for 15 år sidan. Ho kjem frå Skjåk og sakna vårblomane. Så har eg etter kvart fått teneste som dreng, seier den dyktige hobbygartnaren Arne Terje..

Av Ola Matti Mathisen